

Opningstider i sommar

Barnehagar

Skodje barnehage har ope heile sommaren.

Valle barnehage har stengt i veke 28 og 29.

Stette barnehage har stengt i veke 29 og 30.

SFO

Skulefritidsordninga, SFO, har stengt frå og med 4. juli og i 4 veker. Oppstart igjen måndag 1. august.

Gomerhuset

Det vert liten aktivitet på Gomerhuset i juli.

Gomerhuset Café og Catering er stengt i heile juli.

Skodje bibliotek

Siste opningsdag før ferien: Torsdag 30. juni.

Første opningsdag etter ferien: Måndag 1. august.

Skodje kommune
ynskjer alle

God sommar!



Skatteoppkrevjaren informerer

Skatteoppgjeret for inntektsåret 2010 vert sendt ut i desse dagar, og omfattar lønsmottakarar og pensjonistar.

Nytt for året er at det vert to ekstra skatteoppgjjer. I tillegg til oppgjera i juni og oktober, vert det òg sendt ut skatteoppgjjer i august og september. I samband med dette er det innført ein ny måte å rekne rentene på – både på skatt til gode og restskatt.

Les meir om ny renterekning på www.skatteetaten.no/no/Alt-om/Skatteoppgjoret/

I Skodje kommune er det utlikna til saman 173 mill. kroner i skatt. Dette er ei auke på 3 mill. kroner i høve til oppgjeret for 2009. Desse tala gjeld berre for juniutlegget.

Tilleggsforskot

Før fristen 31. mai betalte 109 skattytarar inn tilleggsforskot på ca. 3 mill. kroner.

Til gode

Ca. 19,7 mill. kroner skal utbetalt til 1 837 skattytarar. 24 av desse får tilbakebetalt over 50 000 kroner.

Beløp til gode vert utbetalt i veke 26.

Restskatt

323 skattytarar skal betale restskatt på til saman 3,3 mill. kroner. 7 av skattytarane må betale over 50 000 kroner.

Restskatt forfell til betaling 22. august 2011. Dersom restskatten er over 1 000 kroner, vert 1. termin å betale innan 22. august og 2. termin innan 26. september.

Betaling

Innbetalingsblankettar vert sendt ut i god tid før forfall. Det er likevel høve til å betale no.

Beløpet kan betalast til skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkto. 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. Lag KID-nummer på www.skatteetaten.no. Husk å velje 2010 som skatteår.

Skatteoppkrevjaren kan òg gje KID-informasjon.

Informasjon og klage

Skattekontoret, tlf. 800 80000, kan svare på spørsmål som gjeld likninga.

Fristen for klage på likninga er 10. august.

Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Skattelister

Skattelistene vert lagt ut til hausten, i samband med det ordinære skatteoppgjeret i oktober, og vil då omfatte både personlege og upersonlege skattytarar.

NÅR DU SAMLAR TI KILO PLAST, BLIR DEI TIL MEIR ENN ÅTTE KILO NY PLAST

VISSTE DU?

Vi nordmenn forbrukar omtrent 15 kilo plastemballasje kvar i året. Når du byrjar å sortere ut plasten frå 10 oktober, blir han brukt til å lage blomsterpotter, posar, klede, byggematerial og mykje anna. Du vil få utdelt ein rull med plastsekkar som du set ut saman med papiravfallet på hentedag. Plast og papir blir henta samme dag og av samme bil kvar fjerde veke. Meir informasjon kjem til hausten og på www.arim.no

TA KONTAKT

Du skal framleis ta kontakt med servicekontoret i Skodje kommune når det gjeld renovasjonsabonnementet ditt på telefon 70 24 40 00



La oss gjenvinne meir

BOKsommarr

Vil du bli med på Skodje bibliotek sin lesekonkurranse i sommar?

Konkurransen er for alle barn frå 1. - 7. trinn. Konkurransen varer frå 15. juni til 1. september.

Kom til biblioteket og få eit skjema med konkurransereglar.

Den som har lest 10 bøker eller meir er med i trekning av hovudpremie, men alle som deltek er med i trekning av ekstrapremiar.

Skuleruta 2011/2012

August:

Første skuledag: Torsdag 18.

Oktober:

Hautsferie: Veke 40 (3.-7.)

Desember:

Siste skuledag for jul: Tysdag 20.

Januar:

Første skuledag: Tysdag 3.

Februar / mars:

Vinterferie: Veke 8 (20.-24.)

April:

Påskeferie: Måndag 2. – måndag 9.

Mai:

Elevfri dag: Fredag 18.

Juni:

Siste skuledag: Tysdag 19.

Renovasjon

Abonnentar med sekkerenovasjon.

Det er ei lita gruppe som framleis leverer avfall i sekkar p.g.a. henteavstand m.m.

Dei som framleis skal levere avfall i sekkar får utlevert nye i løpet av juni.

Desse sekkane skal vare ut juni 2012.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 2. september. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 25. august.

Fjord Cadenza i gang igjen!

12. – 14. august 2011 brakar det laus i Skodje! Kulturinstitusjonen Fjord Cadenza er tilbake etter fem års pause. Gomerhuset skal vere hjartet i festivalen.

Julie Coucheron er Fjord Cadenzas musikalske leiari. Julie har sjølv vore ein av dei unge musikarane som har fått utvikle seg ved hjelp av Fjord Cadenza - der kjende, etablerte musikarar har vore instruktørar. Ho er no ein internasjonalt kjend konsertpianist med fleire prisar for sitt klaverspel, både i Tyskland, Italia, USA og her heime. Hennar draum er at Fjord Cadenza skal fortsette å gje unge talent same sjanse som ho har hatt.

Programmet vert spekka med i alt 6-7 konsertar denne helga, ikkje berre i Gomerhuset, men også i kyrkja og i omsorgsenteret.

Opningskonserten fredag vil presentere eit tverrsnitt av musikken i dei komande konsertane framført av heile kammerorkester, av trioar og kvintettar, av songsolistar og av komande musikarar i talentkonkurranse.

Laurdagskvelden er avsett til storbandkonsert i idrettshallen med påfølgjande fest der ein kan svinge seg til musikk frå fleire Fjord Cadenza-musikarar i samspel med storbandet.

Søndagens «Grand Finale»-konsert vert framført av Fjord Cadenza-orkesteret med godt over 50 musikarar på scena i Gomerhuset. Les meir og hald deg oppdatert på www.fjordcadenza.com



Dette skjer

Skodjedagane

2011

10. og 11. september
i Gomerhuset på Skodje

Interesserte utstillarar kan ta kontakt for informasjon og påmelding:

Siv Merete Torheim (952 60 837) eller Else Karin Stenseth (943 64 769)

Det vert også i år loppemarknad. Skulekorpset kjem attende med meir informasjon om tid og stad for levering av gjenstandar til loppemarknaden.

I år vil vi også oppmøde andre som ønskjer å bidra under messedagane, t.d. med dugnadsarbeid eller kakebaking, om å ta kontakt med Ingunn Stette (908 48 980) eller Tove Nygård (473 14 760).

Arr: Skodje skulekorps

Til fjells!

Ålesund-Sunnmøre Turistforening sine betjente hytter er opne frå følgjande datoar:

Reindalseter: 25. juni til 28. august (993 80 187)

Kaldhusseter: 2. juli til 7. august.

Fjellfest på begge hyttene 2.-3. juli.

Olsokfeiring på Kaldhusseter 29. juli og på Reindalseter 30. juli.

Ålesund-Sunnmøre Turistforening



"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no